

FRÅSEGN TIL SAMFUNNSDELEN AV KOMMUNEPLANEN FOR LINDÅS

Bygdelaget 5915, skal vera eit fellesorgan for bygdene som soknar til Leiknes skuleskrins frå Mundal i sør til Heggernes i nord. Laget skal vera ei samlande, inkluderande og koordinerande kraft og fremja heilskapstenking, humør og positiv innsats for bygda. Bygdelaget representerer bygda som høyrings- og samarbeidsorgan ovanfor kommunen og andre offentlege instansar.

I framlegget til kommuneplan er frivillig arbeid vektlagt sterkt, medan strategiar er svakt formulert. Lindås kommune treng ein frivillig strategi som sikrar at frivillige lag og organisasjonar og kommunen saman kan arbeida til beste for innbyggjarane. Ein frivilligstrategi må inkluderast også i andre planar enn kulturplanen, jfr planframlegget, sidan frivillige organisasjonar arbeider i andre sektorar også.

I innspela frå lag og organisasjonar s. 5 ynskjer dei ein bygdeutviklar som koordinerer arbeidet. Bygdelaget 5915 stør denne tanken og viser til områdesatsinga i Bergen som t.d. har eigne samfunnsarbeidarar som samarbeider med lag og organisasjonar og eldsjeler i utvalde bydelar. Ein slik bygdeutviklingsstilling kan vere ein brubyggjar mellom bygder og kommunen. Stillinga kan styrke bygdene og frivillig sektor og sikra gode nærmiljø og folkehelse der folk bur. Gode nærmiljø må skapast i samspel med frivillig sektor men kommunen må stimulera, koordinera og leggja til rette.

Bygdelaget 5915 meiner at med den nye Storstova og det auka folketalet, er det no behov for ein eigen filial av kulturskulen i skulekrinsen Leiknes. Initiativ som er gjort for å få oppatt eit skulemusikklag her i bygda stranda sist på manglande ressursar i kulturskulen. Det må satsast meir på kultur der folk bur.

I strategi 6 under regionsenterutvikling side 15, står det i arealdelen at det må sikrast ein ny trase til E 39. Bygdelaget vil peike på at dei alternativa som no ligg føre i planutkastet er særskild uheldige for bygda vår. Veggen vil rasere natur- og kulturlandskap i Hjelmåsbygda, og øydeleggje trivsel og livskvalitet for folk som bur her. I vegvesenet si sak 15/204805 Kommunedelplan E 39 Flatøy-Eikefettunnelen, kjem det fram at ny E 39 skal skjere rett gjennom dei unike idyllane på Hjelmås. Linjeføringa forbi Hjelmåsbygda vil medføre svært store inngrep i natur- og kulturlandskap, og vera til stor sjenanse for bygda slik den er, og slik den kjem til å utvikle seg dei neste 100 åra. Dette gjeld komande generasjonar og retten til å kunne ha eit natur- og rekreasjonsområde i gangavstand. Alle alternativa som er presenterte i planen vil på ein eller annan måte gjera uoppretteleg skade på våre område. Me vil difor fremme ønske om at det – i den grad utbygging må finna stad, kun vert bygd i tunell, helst under bakken, og med utløp/ tilkøyring der det ikkje bur folk eller er rekreasjonsområde (Sjå heile fråsegna som ligg ved).

Kommunen må også innarbeide dei overordna måla sett i kulturplanen for 2010-2020 i samfunnsdelen til kommuneplanen :

- Kulturlivet skal vera inkluderande og for alle.
- Den frivillige innsatsen skal stå sentralt i kulturlivet
- Lag og organisasjonar skal stimulerast og støttast
- Bygdeidentiteten skal ivaretakast
- Det skal leggjast til rette for gode oppvekstvilkår for barn og unge.
- Kulturtilbodet skal spegla kulturarven og samstundes vera nyskapande og synleg

Støtte og tilrettelegging av frivillige aktivitetar krev ofte økonomisk investering og oppfølging i langt større grad enn det tildelte kulturmidlar kan dekkja. Det er særskild viktig at kulturmidlane aukar i takt med det som er vedteke i kulturplanen – det vil seia 50% auke innan 2020 frå 2010 nivå.

Inger Helen Midtgård
Leiar for Bygdelaget 5915